

TORLEIV HANNAAS
Nynorsk Boksamling

Box

XXV
Aarnes

Den norske pressa i Amerika.

*Og ein glytt innum døri til
amerikanske storblad.*

Av

Hans Aarnes

Styrar for Bladmännaskulen.

KRISTIANSAND S.

„AGDER TIDEND“S PRENTEVERK

1 9 2 5



0 3 3 7 6 0 D A 0



TORLEIV HANNAAS

XXV

Den norske pressa i Amerika.

*Og ein glytt innum døri til
amerikanske storblad.*

Av

Hans Aarnes

Styrar for Bladmännaskulen.




X KRISTIANSAND S.

„AGDER TIDENDS“ PRENTEVERK

1 9 2 5


7 3 3 2
YGDDEE LIDEDD.2 BRENLEABEK

KBIS 46968/10 2



Os sin spalt avnare den til

i Amerika
Den norske bressa



Daa 22 aar var gjengne etter at den moderne utvandring fraa Noreg til Amerika hadde byrja i 1825, talde dei norske i Sambandsstatane umlag 10,000 menneskje. Mesteparten av dette eller ikring 7000 menneskje av norsk byrd hadde funne seg heimstader i Wisconsin. Muskegosetlementet i Racine county var eit av dei eldste og folkerikaste, og her vakna trongen til aa hava slike kulturorgan som dei var vane med fraa Noreg: kyrkja og pressa. Spirone til baae desse tre som seinare hev vakse til store sterke berarar i Amerikas utvikling, i religiøst aandsliv, i frilynd politikk og i sociale og økonomiske framtak, vart planta i Muskegosetlementet. Her vart den fyrste norske kyrkja reist, og her tok dei til

aa gjeva ut det fyrste norske bladet i Amerika. Det heitte «Nordlyset» og kom ut i 1847 i Town of Norway, der dei hadde skipa eit norskt prenteverk.

Skiparane av bladet var Even Hegg fraa Lier ved Drammen, Søren Bakke fraa Drammen og James D. Reymert fraa Farsund. Reymert vart sett til bladstyrar. Han var ein vellærd mann fraa Noreg, hadde dessutan arbeidt nokre aar i England og Skotland og vore so lenge i Amerika at han var kjend med amerikanske tilhøve. Bladet hadde til fyrste programpost aa motarbeida negerslaveriet.

Reymert var ein dugande bladstyrar, og bladet gjekk godt i fyrste tidi; men snart fekk Reymert so mange andre yrkje, han var m. a. statssenator, norsk-svensk vicekonsul og mykje meir, so han hadde ikkje tid til aa sjaa stort etter bladet paa seinsten. Andre skulde styra det, og daa det var ei par aar gammalt, gjekk det inn.

Men nye tiltak vart gjorde, og til 1853 hadde alt 8 norske blad vore ute og prøvt seg med meir eller minder heppa. Dei gjekk eit halvaar eller eit aar kvar, so rakk ikkje innkomor og utlogor ihop, og dei laut slutta. Men livsgneisten sløkktest ikkje korso. Ikkje fyrr hadde eit blad sig ihop, fyrr det sprang eit nytt upp av røysi.

Umfram slaverispursmaalet kom det snart til kyrkjestrid og personstrid millom dei norske, so det vanta ikkje emne til aa skipa blad paa. Ein ser grunnaane til den seinare kløyving millom dei høgkyrkjelege prestane og lækfolket, ein ser og merkesteinane tek til aa verta sette i politisk leid millom republikanarar og demokratar.

Under borgarkrigen i 60 aari hadde dei norske 4 blad. Største bladet deira heitte «Emigranten» og det var imot negerslaveriet. Hine bladi var anten nøytrale eller studde helst upp under for aa faa slaveriet vekk. Det var

berre synodeprestane som freista med eit linnt forsvar for slaveriet. Dei sagde at dei fann ikkje noko i bibelen som forbaud ein mann aa eiga ein slave. Men missbruket av slavane sette dei seg imot, sa dei. Kor avgjort fleirtalet av dei norske var imot negerslaveriet, syner best den ting at av alle tjoder var det nordmennene som gav den største procent friviljuge til striden mot sudstatane og negerslaveriet. Utgreidingi av slavespursmaalet i pressa gjorde si nytta. Og den djervleik og kraft som nordmennene kasta seg inn i borgarkrigen med, stend endaa som eit lysande minne um nordmannadaad.

Etter borgarkrigen fekk landet ei ny bløming i arbeidslivet. Nordmennene vaks i tal og i styrke, og pressa fylgde med. Nordmennene flytjer vidare ut yver og gjer seg gjeldande i Illinois, Iowa, Minnesota, Sud Dakota og Nord Dakota. Etter som nordmennene flutte, sprang

det blad upp i kvar by og kvart større settlement. Alle kunde ikkje verta varige. Anten var lesekrinsen for liten fraa fyrst av eller lesekrinsen beintfram flutte vekk til andre stader og let bladet vera att og forkomast aaleine eller dei større medtevelarane kom og slukte det.

I 1868 gjeng «Emigranten» inn i «Fædrelandet» som sigler upp til eit megtigt blad i La Crosse. Til 1884 var «Fædrelandet» eit av dei største og sterkaste norske republikanske blad i landet. Men daa døydde den dugande bladstyraren Fredrick Fleicher, fraa Vaaler. «Fædrelandet» gjekk seinare inn i «Minneapolis Tidende», som fraa 1887 tok til aa koma som dagblad i Minneapolis.

«Skandinaven» byrja i Chicago i 1866. Det vart det heppnaste bladtiltak som hev vore gjort millom nordmenn i Amerika. Alle kjenner soga um utgeveren av «Skandinaven», voss seguten John Anderson som

byrja som avisseljar paa gatone i Chicago og enda som ein av dei fremste borgarane i millionbyen. «Skandinaven» hev kome som dagblad sidan 1870. I politikken hev bladet vore sterkt republikansk og hev elles også i andre maatar visst aa finna folket. Sjølv sagt er ikkje «Skandinaven» berre John Andersen sitt verk. Han hev havt ei rekkja av dugande bladstyrarar i si tenesta. Namn som Knud Langland, Svein Nilsson og Nicolay A. Grevstad vil lysa lenge i den norsk-amerikanske bladsoga. Noverande bladstyrar er John Benson.

«Decorah-posten» byrja i Decorah, Iowa, i 1874. Dette vart også eit av dei heppnaste norske bladtiltaki i Amerika etter at utgjevaren fyrst vann yver dei fyrste tunge aari. Bladet rodde seg paa faa aar fram til aa verta eit av dei mest lesne norske blad i Amerika. «Decorah-posten» hev halde seg utanfyre politikken, so nær som i lo-

kale saker. Bladet kjem ut to gonger i vika. Daa skiensguten Brynild Anundsen kom til Decorah og tok til aa gjeva ut «Decorah-posten», var der ikkje nokon som vilde selja honom to merker smør paa borg. Ikkje mange aar seinare var han fyrste borgaren i byen. Og daa han døydde var han ein grunnrik mann. Ogso «Decorah-posten» hev vorte boren fram av fleire dugande bladstyrarar og medarbeidarar. Det var i «Decorah-posten» at forteljingi «Husmandsgutten» av H. A. Foss fyrst saag dagsens ljøs. Og i si tid var denne forteljingi den mest lesne bok millom nordmennene i Amerika. Boki vart ogsø seld i Noreg i tusundvis og lesi med stor forvitne. Fraa 1901 til 1923 var trøndaren Johs. B. Wist bladstyrar. Noverande bladstyrar i «Decorah-posten» er Kristian Prestgard fraa Vaage i Gudbrandsdalen. Han er høgskulemann fraa Noreg og maalmann, og vert difor rekna til ein

av dei sjeldfengde fuglane i den norsk-amerikanske pressa.

«Nordmanden» tok til aa koma ut i Grand Forks i 1887 og hev sidan arbeidd seg fram til aa verta eit leidande blad i politiken i Nord Dakota. I fyrste tidi medan H. A. Foss styrde bladet, var det organ for folkepartiet og vann store singlar. Men daa folkepartiet var kome til magti og skulde til aa styra, stod representantane raadvile og visste ikkje kva dei skulde gjera. Partiet brotna ihop av evneløysa just som det stod med sigerspalmane i hendene. H. A. Foss vart so vonbroten at han selde bladet. Dei nye eigarane gjorde bladet til eit republikansk organ, og «Nordmanden» hev sidan vore republikanar. P. O. Thorson som døydde i 1924 var i meir enn 30 aar ein dugande forretningsfører for «Nordmanden», og av bladstyrarar som hev teke ein tårn i «Nordmanden» kann ein nemna sunnfjordingen Andreas Lindelie, tele-

markingen Kjetil Knutson, Peer Strømme, Lars Siljan, Peter Myrvold og Simon Johnson. Noverande bladstyrar er den danske literat Georg Strandvold. «Nordmanden» kjem ut tvo gonger i vika. Enkja etter P. O. Thorson er utgjevar.

«Minneapolis Tidende» byrja som fyrr nemnt aa koma som dagblad i 1887 og hev kunna gledt seg ved vokster og framgang til denne dag. Det var Thorvald Guldbrandsen fraa Moss som byrja «Minneapolis Tidende». Like eins som John Anderson i «Skandinaven» og B. Anundsen i «Decorah-posten» hadde Guldbrandsen den fyremunen som avisutgjevar at han kunde typograffaget og kunde taka ei hand med i prenteverket, naar det kneip. «For ein avisutgjevar er det vigtugare aa kunna setja ihop ei form enn aa kunna latin,» hermer dei etter ein norsk-amerikansk bladmann. Noverande forretningsstyrar er John Bjørhus fraa Drammen,

men det er framleis T. Guldbrandsen Publishing Company som er utgjevar. S. Sørensen var bladstyrar fraa 1891 til 1923 — i 32 aar. Noverande bladstyrar er Carl G. O. Hansen som i mange aar var medstyrar i «Minneapolis Tidende» saman med Sørensen. Carl Hansen er fraa Nidaros. Det er serleg som eit godt nyhendeblad at «Minneapolis Tidende» hev fenge sitt store ry og sin store lesekrins. I politikken er det spaklyndt; det stydjer gode borgarlege synsmaatar som helst kann hal-dast yver partistriden.

Daa nordmennene i 80 aari tok til aa flytja vestetter, og innvandrarstraumen fraa Noreg ogso serleg gjekk til Stillehavsstrandi, vart det freista med norske blad i San Francisco, Seattle, Tacoma, Portland og andre stader. Mykje dugande arbeid vart nedlagt; men ogso her saag det ut til aa vera gjort fleire upptak enn der var plass for, og etter ei tid laut fleire leg-

gja ihop. Paa røysene grodde der til slutt upp ei varande pressa.

«Washington-Posten» i Seattle er no det mektugaste norske bladet ved Stillehavet. Det vart grunnlagt i 1889, og hev kome som vikeblad sidan. Stavangermannen Gunnar Lund som no eig og styrer bladet, kjøpte det i 1905, og under hans hand hev det gjenge munarleg fram.

«Tacoma Tidende» kjem ut i Tacoma, «Pacific-Skandinaven» i Portland og «Spokane Skandinaven» i Spokane. Det er ogso vikeblad.

I New York hev det vore freista med ei rekkja norske blad heilt sidan 1851. Men flest alle hev gjenge inn etter nokre aar. Der er no berre tvo norske blad i New York, «Nordisk Tidende» og «Norgesposten». «Nordisk Tidende» hev kome ut sidan 1891. Det er vikeblad. Noverande bladstyrar er A. N. Rygh.

«Norgesposten» vart skipa for vel eit aar sidan og vert utgje-

ven av Norden publishing Co. Audun H. Telnes er bladstyrar.

Serskilde kyrkjeblad vart det tidleg krav etter. Alt i 1851 hev prestane sitt organ i «Maanedstidende for den norsk-evangelisk-lutherske kirke i Amerika» og missnøgde lækfolk i «Kirketidenden». Baae bladi kom ut i dei norske settlementi i Wisconsin.

Sidan den tid hev den kyrkjelege midstaden vorte flutt til Minneapolis, og mangt hev vorte onnorleis. Der hev vore store stridar innanfor kyrkja, sprenjingar som hev enda med fleire kyrkjesamfund og fleire kyrkjeblad, der hev vore soningsmøte og sameining atter; men like vel er der ei skilleg tvodeling endaa. Det er Den norsk-lutherske kyrkja paa den eine sida og Den lutherske frikyrkja paa den andre. Dei hev kvar sine kyrkjeblad.

Det leidande organet for Den norsk nutherske kyrkja er «Lutheraneren». Det vert utgjeve

av kyrkjesamfundet og bladstyrarane er prestane J. Tanner og R. Malmin. «Lutheraneren» kunde ifjor halda 30 aars høgtid. Men i røyndi er bladet mykje eldre, naar ein ser etter kva føter det stend paa; det er «Budbæreren» sin 57. aargang og «Ev. luth. kirketidende» sin 70. aargang.

«Folkebladet» er det leidande organet for Frikyrkja. Det vert utgjeve av Folkebladet Publishing Company og hev kome ut sidan 1877. Grunnleggjarane av «Folkebladet» var professorane ved Augsburg seminar, Sven Oftedal og Georg Sverdrup.

Baade «Folkebladet» og «Lutheraneren» er vikeblad. Umfram desse leidande organ som baae vert skrivne paa norsk-dansk, hev baae kyrkjesamfund sine ungdomsblad og sundags-skuleblad som vert skrivne paa engelsk. Mange kyrkjelydar hev ogso sitt eige lokalblad for kyrkjelyden. I Seattle hev den norsk-lutherske kyrkja paa Stil-

lehavskysten eit samorgan i «Budbæreren».

Missionsblad vantar heller ikkje. Eit av dei eldste er «Den lutherske missionær» som kjem ut som vikeblad i Minneapolis. Det gjeng no i sin 34. aargang. Presten S. R. Tollefsen er utgjevar og styrar. Denne presten hev gjort noko som truleg faa prestar gjer honom etter. Daa han hadde vore prest ei tid, kjøpte han eit prenteverk og lærde seg til typograf. I fyrste tidi gjorde han mykje av prentearbeidet paa bladet sitt sjølv; men sidan vaks forretningi so han fekk lite tid til aa staa ved kassa. Prenteverket vart utvida, so der umfram «Den lutherske missionær» vert prenta fleire andre blad. Tollefsen driv ogso bokreiding og prentar bøkene i sitt eige prenteverk. Bokreidarverksemdi hans er kjend under namnet «The American Press».

«Reform» er det mest kjende fraahaldsblad millom nordmennene i Amerika. Det er vikeblad

og kjem ut i Eau Claire, Wisconsin. Lutlaget Fremad Publishing Co. er utgjevar og Waldemar Ager er bladstyrar og forretningsfører. «Reform» er talsmann for den norske fraahaldsrørsla i Amerika. Bladet hev kome ut sidan 1890, men hev røter attende til 1880, daa «Afholdsbladet» tok til aa koma ut i Chicago. Bladstyrar Waldemar Ager er fraa Fredrikstad. Baade som bokmann og bladmann hev han vunne seg eit namn millom nordmennene i Amerika.

«Familiens magazin» er eit blad for alle i heimen, baade ung og gamall. Det kjem ut i Minneapolis ein gong for maanaden med 50—60 sidor. K. C. Holter Publishing Company er utgjevar og N. N. Rønning bladstyrar. Rønning er fraa Bø i Telemark. «Familiens magazin» hev ein stor lesekrins. Attaat bladstyraren hev «F. M.» ei rekke gjilde medarbeidarar millom prestar, professorar, doktorar og andre. Mange kvinnor skriv

ogso i bladet. «Ungdommens Ven» var namnet paa bladet like til 1916, daa tok det det nye namnet «Familiens magazin» samstundes som bladet vart lagt yver fraa ungdomsblad til familieblad. Og sidan hausten 1918 hev dei gjeve ut eit serskilt ungdomsblad paa engelsk. Det heiter «The North Star». Dei yvergangar som ein lyt leggja merke til med «Ungdommens Ven» er typiske for maalskiftet hjaa nordmennene i Amerika. I nittiaari daa «Ungdommens Ven» vart skipa, kom det mykje ungdom fraa Noreg som lika aa finna eit ungdomsblad paa norsk-dansk i Amerika. No hev desse som var tjugeaaringar i nittiaari naatt upp i femtiaarsalderen, og bladet som hev fylgt deim gjennom denne utvikling, hev misst sin ungdomstone og vorte eit vakse familieblad. Men borni til nittiaarsutflytjarane som no er ein stor part av den norske ungdom i Amerika, dei hev vakse upp i det engelske spraak og li-

kar difor engelsk best. Mange kann heller ikkje noko anna. Difor kjem ungdomsbladet for denne ættleden paa engelsk.

Aa nemna alle norske blad i Amerika som hev stridt ei tid og seinare gjenge inn, vil føra for langt, endaa sjølv sagt desse bladi ogso hev havt si oppgaa-va og gjort dugande arbeid.

«Amerika» var namnet på eit vikeblad som for ei par aar sidan slutta aa koma ut i Madison, Wisconsin, etter eit langt og stormfullt liv. Det var skipa i Chicago 1884. Haringen professor Trond Bothne lagde ned mykje arbeid i dette bladet dei fyrste aari. Han var folkelæraren baade med munn og penn, er det sagt um honom. Seinare tok haugesundarane Georg Markhus og O. M. Kalheim ein tørn med bladet; men det vilde ikkje fram. So vart det i 1895 selt til eit norskt lutlag i Madison og Peer Strømme vart bladstyrar. Dei kjøpte eigedommen til «Wisconsin-Norman-

nen» og flutte inn der, og dei kjøpte bladet «Norden» i Chicago og fekk det arbeidet som sunnmøringen I. T. Relling, haringen H. O. Oppedal og mange fleire etter aarelangt slit hadde lagt ned der. Men bladet vilde ikkje fram. Det heldt paa å skulde gå inn, då professor Rasmus B. Anderson kjøpte det i 1898. Men no laut bladet fram anten det vilde eller ei; for ein slik jarnvilje som professor Anderson kjende ingi attervenda. Og i yver 20 aar heldt han bladet friskt og djervt og gav mangt eit hogg i dagsens ordskifte. Men daa professor Andersson gjekk yver 75 års-grensa fall strævet med bladet honom for tungt, og han let det gaa inn.

Ogso i Kanada hev nordmennene reist fleire blad. Dei mest kjende er vikebladi «Norrøna» i Winnipeg og «Norden» i Outlook.

Moroblad hev ymse norske bladmenn freista aa gjeva ut i

New York, Chicago og Minneapolis; men dei vart ikkje svært langliva.

Song og musikkblad hev tri-vest betre. Nordmennene hev tvo blad for song og musikk: «Sangerhilsen» i Minneapolis og «Taktstokken» i New York.

Til aa reisa ei norsk tidskrift i Amerika hev det vore nedlagt mykje godt arbeid. Men den eine freistnaden etter den andre hev sige i koll. «Skirnir», Tacoma, «Vor Tid», Minneapolis, «Symra», Decorah, «Idun», Chicago, «Eidsvold», Grand Forks og «Samband», Minneapolis var kvar for seg lovande tiltak, men den literære interessa var for liti til aa halda dei uppe.

Bygdelagi hev teke til aa skriva upp den norske innflytjarso-ga bygdelagsvis og gjev dette ut anten i aarbøker eller i kvartaarsbøker og dette hev synt seg aa faa god studnad. Telelaget som truleg hev kome lengst, hev gjeve ut Telesoga heftevis i mange aar. Noveran-

de sogeskrivar i Telelaget er Torkell Ofteli. Telesoga vert skrivt paa norsk landsmaal.

Av andre bygdelag som gjev ut tidskrifter kann nemnast Hallinglaget som gjev ut «Hallingen», Vosselaget «Vossingen», Nordlandslaget «Nord-Norge» og Valdris Samband som gjev ut «Samband» som er framhald av «Valdris-Helsing» som gjekk inn 1917.

Det hev vore gjort ei par freistnader med aa gjeva ut blad eller literære tidsskrifter heilt paa norsk landsmaal. Jon Norstog gav ei tid ut «Dølen» i Joice, Iowa og Per Storøygard i Fargo gav i mange aar ut «Norrøna» som er den norske tidskrifti som hev greidt aa halda hovudet uppe lengst. Det gjekk inn daa krigen byrja.

Mange av dei norske bladstyrarane er vel vitande um at det skriftmaalet som dei hadde med seg fraa Noreg er dansk. Og dei hev gjort seg praktisk nytta av det, med di dei hev fenge

dansk-amerikanarar til tingarar paa bladi sine. Det er mange av bladi som ikkje torer taka til med den nye norske rettskriving avdi dei ottast det vilde støyta dei danske tingarane.

Naar so mange norske bladutgjevarar hev lika aa bruka ordet «skandinav» i bladnamnet sitt, so kjem dette truleg avdi dei trudde dei dermed skulde greida aa femna alle tri nordlendske folk: nordmenn, svenskar og danskar. Men denne draumen hev nok ikkje slege vidare til, for baade svenskar og danskar hev reist si eigi pressa jamsides den norske.

Sidan 18. juli 1895 hev norske og danske bladmenn vore saman i eit presselag «Den norsk-danske presseforening av De forenede stater». Paa skipingsmøtet i Minneapolis var frammøtt 21 bladmenn, og laget hev tidt havt møte ut etter aari og gjort mykje til aa fremja eit betre samarbeid millom bladi.

Til aa faa ei meining um kva

lesekrins den norske pressa i Amerika hev, kann det vera verdt aa sjaa kva opplag dei prentar: «Skandinaven», Chicago, 55,000. «Decorah-posten», Decorah, Iowa, 40,000. «Minneapolis Tidende», Minneapolis, 25,000. «Familiens magazin», Minneapolis, 20,000. «Nordisk Tidende», New York, 15,000 osb.

Av nordmenn som hev drive bladarbeid i Amerika og seinare hev fare heimatt til bladarbeid i Noreg, er det svært faa. Men nokre kann nemnast:

Johannes Lavik styrde i fyrstningi av aattiaari det republikanske bladet «Nordvesten» i St. Paul. Dette bladet var i si tid ei magt i staten Minnesota. Lavik for heimatt til Noreg og reiste «Gula Tidend» i Bjørgvin.

H. Volckmar styrde i fyrstningi av nittiaari «Nordiske Blade» og seinare «Nordiske Tidende» i New York. Han for heimatt og styrde «Dagbladet» i Oslo i mange aar.

Olav Kringen arbeidde i ymse norsk-amerikanske blad i slutten av nittiaari, m. a. i «Nye Nordmanden» i Moorhead. Han for heimatt til Noreg og vart styrar av «Socialdemokraten» i Oslo, no «Arbeiderbladet».

H. O. Oppedal styrde «Nordmen» i Chicago fra 1894 til 1897. Han for heimatt til Noreg og styrde fyrst «Varden» i Skien og seinare «Dagsposten» i Nidaros.

Fraa Noreg til Amerika hev det sjeldan fare bladmenn for aa taka arbeid i den norsk-amerikanske pressa, men det hev hendt det og. Til dømes Nicclay A. Grevstad. Han kom som mogen bladmann til Amerika og fekk bladstyrarromet i «Skandinaven» og vart ei kraft i den norsk-amerikanske pressa.

— — —

Ser ein attende paa den norsk-amerikanske pressa i desse framfarne 70—80 aari, vert ein teken av det mod og den tru og den seige arbeidsvilje som er

hovuddraget i den norsk-amerikanske bladsoga. Der er mange mannefall, men der er ogsaa mange stolte sigrar. Av yver 400 bladtillak er der vel idag berre 35—40 att; men like vel er den norsk-amerikanske pressa fullt so sterk i dag som nokon gong fyrr. Dei smaabladi som hev gjenge til grunne, hev brøytt vegen for dei store som no er. Det er so i all soga.

For farbror Sam hev den norsk-amerikanske pressa vore ein god hjelpesmann. Ho hev vore ein av fremste folkelærarane i nybyggjarlandet. Ho hev hjelpt nordmennene til aa verta gode amerikanarar og Amerika til aa verta eit av dei fremste land i verdi.

Den norsk-amerikanske pressa hev aldri gløymt Noreg. Ho hev halde sambandet uppe for dei gamle som kom fraa dette landet. Ho hev fortalt ungdommen i Amerika um Noreg. Ho hev samla ihop gaavor og sendt til Noreg for kjærleik og ætte-

kjensla skuld. Ho hev so langt
ho hev havt høve til det altid
vore ein god talsmann for No-
reg.

Ei bru millom Noreg og Ame-
rika hev vore nemnd. Den nor-
ske pressa i Amerika hev for
lenge sidan bygt sin part av
brui.

DEN NORSKE PRESSA I AMERIKA 1925.

Den norske pressa i Amerika
tel no desse blad:

D a g b l a d.

«Minneapolis Tidende», Minnea-
polis.

«Skandinaven», Chicago.

T v o g o n g e r i v i k a.

«Decorah-Posten», Decorah, Iowa

«Nordmanden», Grand Forks,
N. D.

V i k e b l a d.

«Duluth Skandinav», Duluth.

«Fergus Falls Ugeblad», Fergus
Falls.

«Folkets Røst», Minneapolis.

«Fremad», Sioux Falls, S. D.

«Nordisk Tidende», Brooklyn.

«Norden», Outlook, Kanada.

«Norges-Posten», Brooklyn.

«Norrøna», Winnipeg, Kanada.

«Pacific Skandinav», Portland.

«Reform», Eu Claire.

«Skandia», Chicago.

«Sioux Falls Posten» (?) Sioux
Falls, S. D.

«Spokane Skandinav», Spokane.

«Tacoma Tidende», Tacoma.

«Visergutten», Canton, S. D.

K y r k j e b l a d.

«Bikuben», Salt Lake City, Utah.

«Budbæreren», Tacoma.

«Den lutherske missionær», Minneapolis.

«Evangelisk Tidende», Minneapolis.

«Folkebladet», Minneapolis.

«Lutheraneren», Minneapolis.

«Mere lys», Hanska, Minn.

«Missionæren», Minneapolis (?)

T i d s k r i f t e r.

«Familiens Magazin», Minneapolis.

«Sangerhilsen», —«—

«Taktstokken», New York.

B y g d e l a g s b l a d.

«Hallingen», Decorah.

«Nord-Norge», Seattle.

«Samband», Valdreslaget, Minneapolis.

«Telesoga», Fergus Falls.

«Vossingen», Canton, S. D.

Attaat dette kjem dessutan
nokre skuleblad og aarbøker.

— 88 —

EIN GLYTT INNUM DØRI TIL AMERIKANSKE STORBLAD.

Baade etter europeisk meining og etter amerikansk meining lyt eit tidhøveleg og velstyrt blad hava tvo fyldige hovudgreiner: nyhende og politiske leidarar. I Europa raadde lenge den regel at den politiske leidaren skulde koma fyrst, medan nyhendi fekk plass lenger ute i bladet. I seinare tid hev fleire europeiske blad skote nyhendi fram um dei politiske leidarane, soleis at ein finn serleg det nyaste fraa utlandet paa fyrste sida, medan den politiske leidaren er paa andre eller tridje sida og innanlandsnytt og anna heimenytt kjem gjerne lenger ute. Men mange europeiske blad fylgjer endaa den gamle regelen med aa hava den politiske leidaren fyrst. Desse bladi gjev oftast ogso plass

for lysingar paa fyrste sida og stundom er lysingane so store og drjuge at dei tek meste parten av sida. Naar eit slikt blad kjem til Amerika og ein amerikanar fær sjaa det, so segjer han: «Eit daudt blad, lysingar paa fyrste sida og ikkje nytt.»

Dei amerikanske bladi hev ein gjennomført regel at alt det viktugaste nytt skal vera paa fyrste sida og lysingar skal ikkje finnast der. Lysingane skal vera inne i bladet. Den politiske leidaren kjem fyrst paa fjorde sida, eller ei sida endaa lenger ute i bladet. I New York er blad som hev dei politiske leidarane paa siste sida.

Fyrste sida er andlitet aat bladet, segjer amerikanarane. Og dette andlitet skal i yverskrifter fortelja alt det viktugaste bladet inneheld av nytt baade fraa innland og utland. Toppen av stornt nytt vert sagt i ei eller fleire seksteiga yverskrifter som dei kallar hovudlinor. Dei amerikanske bladi vader i nytt til upp

under armane, ja ein kann gjerne segja upp til halsen; for oftast hev dei berre plass til yverskriftene og byrjingi av stykki paa fyrste sida, framhaldet kjem paa innsidone. Og for det tilfelle at folk hev det annvint og ikkje vinn lesa anna enn yverskriftene og byrjingi, er stykki soleis skrivne at den eksploderande kjerna er sagd i fyrste punktum eller fyrste avsnitt. Men du les gjerne meir; for den amerikanske bladstilen er lett og kvik og maalande. Og du vert ikkje snytt for den minste ting. Anten ein person hev gjort godt eller gale, set dei hans fulle namn og kvar han bur. Og anten hendingi er liti eller stor, fortel dei noggje paa minuttet kva tid det bar til.

Den amerikanske dagspressa er framum alt anna nyhende-pressa. Difor hev dei ein heil stab av fettesveinar baade heime og ute. Dess utan hev dei samband med eit eller fleire av dei store pressekontori. Det gjeld aa hava so mange kanalar

inn til bladstova som mogeleg. Men frettingi er ikkje skipa paa slump korso. Um eit storblad i New York eller Chicago t. d. hev 50 frettesveinar som arbeider ved heimekontoret, so maa du ikkje tru at dei berre tek «seg ein tur paa byen» og kjem att med ingen ting fordi det ikkje slumpa til aa «henda noko» i den stundi dei var ute. Ein amerikansk bladmann veit at det alltid hender noko i ein by. Politiet og rettane er alltid paa slagmarki mot samfundsfiendane og der er alltid noko nytt ved denne fronten. Brandslökkjarane hev sin fiende aa vera paa vakt mot. Eldsdraken stikk hovudet upp snart her og snart der. Kvar var han sist og kor stor skade gjorde han? Til hotelli i byen er ein frisk straum av reisande kvar dag. Dei hev sine erend — og desse erendi er oftast knytt til hendingar som fleire eller færre i lesekrinsen tykkjer mun i aa vita um. Til sjukehusi kjem alltid nokon

for sjukdom, smitta eller ulukkeshende. Kven er dei ulukkelege og korleis bar det til? Losjer og lag arbeider med sine spursmaal. Politikarar held foredrag. Andre festar o. s. b. i det endelause. Det gjeld aa spegla av dette livet og faa det paa papiret til det hev gjenge fram um. Styraren for bynytt mynstrar sine frettesveinar og so segjer han: Du gjeng til politiet, du til byretten, du til brandslökkjestasjonane, du til hotelli, du til sjukehusi, du til det møtet, du til det foredraget, du til den festen, du til torget, du til bryggja, du til børsen, o. s. b. De tvo tri karane fær stogga her so lenge som reserve, segjer han, um nokon av sveinane som er ute skulde raaka fram i so store og lange sogor at han treng hjelp.

Naar frettesveinane kjem innatt er det som ein bisvarm skulde hava kome ute frå engjene og slege seg ned ved bordi i frettehallen. Det fløymer av manu-

skript. Dei sit ikkje og strikar med ein blyantstubbe. Kvar svein hev si skrivemaskin, og han hamrar i veg med alle tie fingrane. Du kann tru det er dur naar alle skrivemaskinone klamprar burt gjenom salen. — Fraa frettesveinane gjeng manuskriptet til manuskriptlesaren. Han ser igjenom og rettar maalet og andre feil som kann vera gjorde. So set han paa utstyret stykket skal hava og let det gaa til prenteverket.

Den politiske bladstyraren hev sin stab til aa hjelpa seg og skriva politiske leidarar. Dess utan er der gjerne ein serskild styrar for bokheim, kunst, musik, moro og morobilæte, kvinna og samfundet, osb. Alle desse hev sitt serskilde arbeidsrom likeeins som den politiske styraren. Korrekturlesingi gjer tvo eller fleire mann som hev dette til fast arbeid. Dei hev eit rom for seg sjølve, og der lagar dei ogso arkiv av innsende manuskript som dei held det nyttigt å gøyma paa.

Til eit storblad høyrer ogso eit bibliotek, serleg for person-soga. Det er oftast tvo tri kvin-nor som styrer dette biblioteket og dei aukar bliblioteket for kvar dag med utklypp. So snart ein mann vert kjend for eit eller an-na serskilt i byen, landet eller verdi, lagar dei plass for honom i den alfabetiske skufferekkja, samlar all hans sog a der, oftast hev dei bilæte av honom ogso.

Sjølvsagt hev eit storblad si eigi bygning. Det er ofte av gildaste husi i byen, paa fire fem til tjuge høgder. Forretningskontori for lysingar og bladtinging er oftast i fyrste høgdi, medan bladstyret og maskinsetjarane hev eit eller fleire golv høgare uppe. Bladi plar ogso hava sine egne klisjeeverkstader. I kjellaren er rotasjonspressone og steriotypigreidone. Postpakkarane hev gjerne eit rom i eine enden av kjellaren. Der er ekspedisjonsromet for gatesalet ogso. I underkjellaren er centralvarmeapparatet, ljøsverket og andre

maskingreidor som høyrer huset til.

Eit storblad kjem ikkje berre med eit numer eller tvo for dagen. Tri fire er det vanlege, og stundom naar verdi heng rettelig laus paa hengslone, driv dei det heilt upp til 12—14 utgaavor paa ein dag. Men av heile denne haugen er det gjerne i røyndi ikkje meir enn eit eller tvo heilt sjølvstendige numer, hitt er anten tilleggsutgaavor til morgon- middags- eller kveldsnummeret eller sjølve hovudnummeret med ei ny stor yverskrift og ein ny telegram eller tvo. I storbyane er minste parten av folket tingarar paa bladi. Dei kjøper bladi paa gata eller i butikkane. Hev daa ein huslyd fem—seks vaksne menneskje ute i byen paa arbeid her eller der paa kvar sin kant, og dei kjøper minst tvo blad for dagen kvar, vert det ein haug av tolv blad dei ber heimatt, naar kvelden kjem, istaden for at dei kunde tinga bladet paa huset og faa dei tvo vigtugaste

numri heimborne, og dei sparde seg fem sjettepartar av utloga til bladkjøp. Men amerikanarane tenkjer ikkje slik. Dei skal ha-va nyhendi so snøggst som dei berre kjem undan pressa, um dei so kjøper tolv fjortan utgaa-vor av same bladet paa ein dag. Og bladutgjevarane er ikkje rædd for aa lata pressone gaa, um dei prentar paa same forme-ne fleire gonger, naar der berre er noko nytt i andlitet paa fyrste sida.

I New York saag eg innum til eit av dei største bladi der, «New York Tribune». Dei hadde 120 mann som arbeidde i bladstyret. I setjarromet var 50—60 setjemaskinor og i kjellaren tri rotasjonspressor som tilsa-man prenta 90,000 blad i timen. Upplaget var til vanleg 150,000.

I Seattle saag eg innum til «Seattle Times», eit av dei største bladi paa Stillehavskysten. Dei hadde 30—40 mann i bladstyret og 350—400 mann i heile forretningi. 28 setjemaskinor og

6 rotasjonspressor. Dei gav ut 4 vanlege utgaavor kvar dag, den fyrste kl. 11 um iymiddagen, den andre kl. 2, den tredje klokka 3 og den fjerde klokka 4. — Naar noko sers var tids, gav dei ut endaa fleire utgaavor. Upplaget um kvardagane var 75,000 og um sundagane 95,200. Dei hadde serskilt pressa til aa prenta dei fargelagde bilæti og teikningane i sundagsnumret, og det store sundagsnumret paa 70—80 sidor var i arbeid mest heile vika.

I Winnipeg, Kanada, saag eg innum til største bladet i vestre Kanada, «Manitoba Free Press». Dei hev tvo vanlege utgaavor, eit kveldsnummer og eit morgonnummer. Men naar der er større hendingar som ikkje kjem med i dei vanlege utgaavone, sender dei ut umframtblad. Dei hadde 45 mann i bladstyret og 290 mann i heile forretningi. 14 setjemaskinor og 3—4 rotasjonspressor. Daglegt opplag 80,000.

I Minneapolis saag eg m. a.

innum til «Minneapolis Journal». Det er ikkje nett største bladet i byen, men det er ikkje so liti forretning korso. Dei hadde 50 mann i bladstyret og 350 mann i heile forretningi, dessutan nokre frettesveinar utanbys. I setjarromet var 28 setjemaskinor og i prenteverket 3 rotasjonspressor. Tvo av pressone vart brukta til den daglege utgaava og dei prenta til saman 42,000 blad i timen. Den tridje pressa var serleg for sundagsnumret. — «Minneapolis Journal» er morgonblad og kjem sjeldan ut med meir enn det eine numret for dagen. — «Journal» hev fenge ord for aa vera eit framifraa paalitande blad. Det kjem seg truleg av at dei aldri forhastar seg med aa fortelja eit nyhende, fyrr dei er trygg paa det er rett. Daa det forhasta telegrammet um slutt paa heimskrigen kom og «Daily News» og «Tribune» og andre blad selde ekstrablاد som varmt braud, daa stod «Journal» med hendene i kross

og berre saag paa. Han sende ikkje ut noko ekstrablad, endaa han hadde fenge same meldingi som hine bladi. Men faa dagar etter var «Journal» fyrste mann til aa bera ut den sanne stadfeste meldingi um vaapenkviia. Og folk sagde til kvarandre som dei hev sagt mange gonger fyrr, naar dei hev vore for snartruande: «Det er ikkje aa lita paa fyrr det stend i «Journal».

«Minneapolis Journal» hadde eit daglegt opplag paa 106,000.

Pressekontor i Sambandsstatane og Kanada.

Naar Sambandstatane hev gjenge so snøgt fram økonomisk, kulturelt og nasjonalt, so er dette mykje aa takka deira megtige pressa, vel underbygd som ho er av tidhøvelege og godt styrde pressekontor. Dei tvo største og mest kjende pressekontori i Sambandsstatane er

Associated Press og United Press.

Associated Press er ein fettesamskipnad som bladi sjølve hev bygt upp, eig og styrer. Hovudkontoret er i New York; men dei hev mindre kontor yver heile landet. Alle kontor arbeider baae vegar: Dei tek imot nytt fraa andre stader og sender heimenytt ut att. Natt og dag, alle 24 timane i døgret gjeng det ei frisk kveikjande bylgja av nytt gjennom landet.

Associated Press hev sine egne telegraflinor gjennom heile Sambandsriket og sine egne telegraffolk. Dei hev ogso eigen telegrafkabel til Europa. Associated Press vart skipa for 30—35 aar sidan. Den kjende nordmannen Victor Lawson i Chicago var ein av opphavsmennene til Associated Press. Victor Lawson (Larsen) var son til Iver Larsen som var saman med vossingen John Anderson og gav ut «Skandinavién» den fyrste tidi.

United Press er meir eit

privatmanns tiltak. Dette pressekontoret arbeider sida um sida med Associated Press, og deira idelege kappjag er grunnen til at baae tvo lyt spana sin intelligens til det yttarste. Dei lyt slipa sine journalistar til diamantar.

United Press hev ogso sine eigne telegraflinor gjenom Sambandsstatane og eigen kabel til Europa. Hovudkontoret er i New York.

Canadian National News Service. Når ein hugsar at Kanada er jamstort med Europa; men hev berre 8 mill. menneskje, so skynar ein at det må vera både dyrt og vanskelegt å få til eit samanhengande frettesystem i dette grisgrendte landet. Men dei kanadiske presse-mennene hev ikkje set seg modlause på «avkrokane» korso. Den 3. sept. 1919 fekk dei sjaa sin store draum gjort til røyndom: Kanada samanbunde med presse-telegraf fraa Atlantarhavsstrandi til Stillehavsstrandi. Dei skipa Canadian National News As-

socition og fekk det kanadiske riksstyret til aa gjeva eit aarlegt tilskot til Canadian National News Service som baade skal syta for meldingar til bladi i Kanada og senda Kanadanytt til utlandet.

Fyrr Canadian National News Service vart skipa arbeidde bladi i Kanada i tri cirkclar som ikkje naalde ihop med kvarandre. — Det var Austre Kanada pressa, Vestre Kanada pressa og pressa i Britisk Columbia. Alle tri circlane fekk sitt telegramstoff fraa Sambandsstatane, og bladi i Kanada i den tidi visste meir aa fortelja um Sambandsstatane enn um sitt eige land. Dei kanadiske bladutgjevarane saag at dette skada den nasjonale framvokstren i Kanada, og daa dei bad um hjelp til aa skipa eit nasjonalt frettesamband som kunde binda alle luter av Kanada ihop, daa skyna ogso riksstyret kor stor ei sak dette var, og det gav sin studnad straks og med raust hand.

